

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 89	Kjem ut kvar månad	Februar 1938	Utgevar og redaktor: Prost Slaattelid Davik	9. årg.
--------	-----------------------	--------------	---	---------

Trøst mod Døden.

Kan jeg da for Døden grue
Naar af Livets Uro kied
Jeg mit Jorderum kan skue
Som et roeligt Hvilested.
Hvor mit lukte Øie seer
Intet syndigt Væsen meer,
Hvor ei Fryd og Sorg og Smerte
Kunde quæle meer mit Hierte?

Kan jeg da for Døden grue
Naar et bedre Liv jeg veed?
Naar jeg kan ved Troen skue
Tifold større Herlighed
End al Verdens Sølv og Guld,
Dette Jordens blanke Muld
Som den Mammons Træl bedaarer
Og hvis Tab saa tungt ham saarer.

Kan jeg da for Døden grue?
Og mit sidste Leiested,
Kan jeg det med Rædsel skue
Naar jeg mindes, naar jeg veed
At til hiin den mørke Grav
Jesus selv sig overgav
Og som Dødens Seierherre
Stod forklaret op med Ære.

Jesu, Dødens Overvinner!
Du som Dødens Baand har løst,
Naar mig Dødens Budskab minder
Styrk mig da med denne Trøst,
At min Grav, det mørke Rum,
Blev ved dig en Helligdom,
Blev en Freds og Friheds Bolig!
Hvor jeg sover sødt og rolig.

Claus Frimann.

Han kom til seg sjølv.

Luk. 15, 17.

Han var som i ein rus, den unge mannen som vi plar kalla »den fortapte sonen«. Rusa av verda og alt det som den kan gjeva, av livet med si lyst og sitt jag, av alt det som var ikring han og som han no skulde få vera med på. Heilt uppteken av seg sjølv, var han. »Ein var då sanneleg ikkje ein

vanleg heimeføding!« I ein slik rus har vi ikkje lenger øyre for Guds ord. Denne tilstand gjer det umogeleg for ein å høyra hans røyst. Den gjer oss blinde for den faren som vi er i. Vi kjenner oss so trygge, alt synest vera i orden.

Når vi er i ei slik stode, finst det berre ei berging. Gud kan gjera noko. Han kan gjera oss fatige.

Liksom han gjorde den fortapte sonen fatig. Gud har mange måtar til å la oss missa alt det vi har. Då står det i forteljinga, kom han til seg sjølv. Liksom ein som går i svevne med ein gong vaknar! Skodda kverv burt, draumen er vekk. Og ein ser det verkelege.

Det er eit forferdeleg vonbrot når ein får sjå sanninga um seg sjølv. Men det er ein stor nåde når Gud viser oss den. Då ser vi det tome stirande andlet at ei verd som er falla i synd. Jaget i verda er berre ei sanselause røming for døden. Det dei driv på med, er barnespel. Vårt eige liv syner seg i ljuset frå æva so fatigsleg og so tilsulka. Og vi sjølve? Vi sjølve kan berre kviskra: »Eg har synda mot himmelen og mot deg.«

Han kom til seg sjølv — —. Usæle er vi um ikkje vi og får uppleva det i vårt liv.

Men Gud gjer oss ikkje fatige for at vi skal verta verande i fatigdomen. Då den fortapte sonen kom til seg sjølv og vakna upp or rusen, då såg han ikkje berre sin eigen vesaldom. Då såg han og heimen. — Då såg han ikkje berre sin eigen vonde veg; då såg han framfor seg vegen til sin far. Og so vart det ikkje med det berre, at han kom til seg sjølv. »Han stod upp og kom til sin far.«

So lenge vi er upptekne av verda og oss sjølve, ser vi tusen vegar, men ikkje den eine vegen, frelsesvegen. Når vi ikkje er

komne til ettertanke, kan vi ikkje verkeleg tenkja på og kjenna Han som er »vegen«, vår Herre Jesus. Gud gjer oss fatige for å kunna gjeva oss ein rikdom. Vi må »koma til oss sjølve« for å koma til Faderen. Amen.

Frå tysk.

Bønn.

Allmechtige, evige Gud, du som vil at alle mennesker skal bli frelste og ikke gå fortapt: se i nade ned til alle sjele som er forført av den onde fiende. Hjelp at de må vende sig fra all sin villfarelse og synd og omvende sig til dig og til din evige sannhet. For Jesu skyld. Amen.



Våre døde.

8. jan.: Johan Kristiansson Krabbestig; e., gbr.; f. 1869; hjertesjukdom.
2. jan.: Johanne Hansdtr. Gjesdal; kårenkje; f. 1856; kreft.

Snart er eg løynd for alle augo; du fäfengt stirer etter meg.

Job. 7, 8.

Notisar.

Døypte: 26. des. Karl Johannes, f. 25. nov. av f. Hans Karolusson Kolset og k. Rasmine Rasmusdtr. (f. Olsbo). — S. d. Bergit Ingrid Anny, f. 27. okt. av f. Rasmus Kristiansson Tytingvåg og k. Sofie Berntsdtr. (f. Furnes). — S. d. Marit Margrete, f. 23. sept. av f. Martin Ulriksson Liset og k. Hilda Haldorsdtr. (f. Stavøy). — S. d. Tordis Helena, f. 24. nov. av f. Rasmus Rasmusson Rylandsholm og k. Helga Karlsdtr. (f. Hauge).

Døypenamn. I 1937 vart det døypt 61 born fra Davik. Av desse fekk 42 norske namn: Jon (2), Bjarne, Magne (2), Knut, Harald (2), Svein, Leiv, Ivar, Berg, Modolv, Roald, Audbjørn, Arvid, Per, Hjalmar, Karl, Oddbjørg (2), Kari, Helga, Magna, Ragna, Gyda, Astrid, Anbjørg, Bjørg (2), Ingrid, Reidunn, Solfrid, Lidveig, Ashild, Gerd, Eldbjørg, Jorunn, Jofrid, Borghild, Oddny, Tordis. — 19 fekk framande namn: Matias (bibelsk), Kristen (dansk), Anders (av bibelsk Andreas), Karstein (tysk Karsten), Mindor?, Mimmy (engelsk), Karen (dansk av Katarina), Anny (engelsk), Anna (bibelsk), Malene (av bibelsk Magdalena), Kirsten (dansk), Margrete (av gresk Margarita), Marta (bibelsk), Kjelly (sjølv laga), Lilly (engelsk), Bergit (av Brigida, engelsk), Marit (av Margreta).

Norske namn for norske born!

Ofringar: Davik 25. des. til sjukerøktlaget kr. 77,22. — Rugsund 26. des. til det same 76,28. Totland 26. des. til det same 48,88. — Aalfot 1. jan. til indre sjømannsmisjon 35,00.

Davik sokneråd har valt uppatt til formann soknepresten, næstformann lærar Aardalsbakke, kasserar R. P. Daviknes, revisorar P. Drageset og A. R. Daviknes. Det skal vera ofring i 1938 til heidningsmisjonen, indremisjonen og prostihjelpere.

Rugsund sokneråd har valt uppatt til formann klokkar Hausle, næstformann K. Haugland, kasserar klokkar Auvoll.

Aalfot sokneråd har valt uppatt til formann klokkar Bruland, næstformann lærar R. Førde, kasserar Hans O. Myklebust.

Nytestament. Dei som gjerne vil ha seg eit nytestament men har lita råd til å kjøpa, kan få eit gratis ved å venda seg til soknepresten.

Hugs på! Barnefødsel skal meldast innan 1 månad etter fødselen til soknepresten. — Dødsfall må meldast straks til lensmannen. — Lysing til ekteskap må ein få ordna 3—4 veker fyrr ein har tenkt å ha brudlaup. — Døpsattestar kostar 1 kr. + porto; tingar ein attest skriftleg er det greiast å senda betalinga i frimerke med det same ein bed um attesten. Ein skal alltid med det same gjeva opp nar ein er fødd.

Kyrkjeleg statistikk for 1937.

	Davik	Rugsund	Aalfot	Ialt
Fødde	19	41	5	65
Uekte	1	2	0	3
Dødfødde	1	3	0	4
Døypte	14	34	3	51
Konfirmera	12	38	7	57
Vigde i Davik	4	7	0	11
Vigde andre stader ...	8	3	0	11
Jordfesta	16	25	5	46
Altargjester	309	536	85	930

Legat. Av Gregorius Kjølesdals legat vert gjeve studnad til folk i Davik sokn som missar kroner og har vanskeleg for å kjøpa andre i staden. Fru Amalie Eides legat er for folk i Davik herad som er i same stoda. Arne Daviknes's legat gjev studnad til sjuke i Davik sokn.

For 100 år sidan. Døde: 8. febr. 1838 Anders Anthonsen Klubben, forpaktar, 47 ar. — 12. febr. Ragnilde Anthonsdtr. Fagerlied, karkone, 87 ar. — 11. febr. Ole Johannessen Davignæs, tjenestekar, 48 ar. — 20. febr. Synneve Johannesdtr. Uglen, tjenestepige, 49 ar.

Kvittering for kontingent, betalt fyre 1. januar: Kristense Vik, Valborg Sarheim, Sirianna Ervik, Enders E. Ervik, Henrik Daviknes, Astrid Dombestein (Bergen), Peder Kreken, Synneve Kolset, Robert Nygard, Helene Askeland, Jonas Askeland 2 kr. — Lars Torheim, Martinus Dommestén, Martinus Hoiland, Olaf Totland 3 kr. — Marie Loen 1 kr. — Ivar Böen, Ivar Torheim 5 kr. — Til saman 45 kr.

Hjarteleg takk til alle.

Til gamleheimen er i 1937 innkomne: Fra Maurstad og Rimstad kv.föreining kr. 673,95. Kjølsdal 60, Elde 65, Davik sanitetsforeining 200, A. Bortnes dødsbo 500, Husevåg 115, Oldeide og Bjørnøy 86,75, Tytingvåg 91, Hans Reksnes, Bergen

100. Aalfot 115. En anonym 514.35. Torheim 65.05. Endal 39.40. Rugsund 184.60. Davik 111.03. Hans Reksnes 10. — Tils. kr. 2031.13 — I kassa tidlegare kr. 5450.54. Samla kapital pr. 31. des. 1937: kr. 8381.67.

«Med hjertelig takk til alle giverne for de innsamlede beløp, tør man henstille til distriktets befolkning å tenke på gamle hjemmet også i dette år. Vi mangler ennå en del kretser som man ikke har hørt noget fra, og skulde det være oss en glede om også disse vilde være med og arbeide for saken.»

For gamle hjemmets styre
Jonas Brobakke, f. t. formann.

Prostimøte for Nordfjord vart halde i Stårheim 9. januar. Det var eit sammøte for alle sokneråda. Det var møtt fram akkurat 100 soknerådslemer; alle råda var representert, like frå Selje til Olden. Dessutan var alle prestane tilstades. Det var fyrst gudsteneste; sokneprest Løvoll utførde altartenensta, kyrkjesongar Langve, Maløy, formann i Sør-Vågsøy sokneråd, byrja, prosten preika og kyrkjesongar Arne Loen, formannen i Loen sokneråd, slutta. På ettermiddagsmøtet vart fyrst vedteke å skipa ei prostinemd med 5 medlemmer, 1 prest vald av prestane, 3 andre, valde av lækmennene i prostimøtet, og so prosten som fast medlem. Prestane valde sokneprest Kvåle med sokneprest Brekke som varamann. Lækmennene valde Arne Loen med 84 royster, A. Langve med 72, Hilmar Kjøllestad med 53. Varamenn vart kyrkjesongar Heien med 48 royster og gbr. J. Myrstad med 45.

Vidare vart handsama spørsmålet um å få ein prostihjelpereist for Nordfjord. Etter ein livleg diskusjon vart det samrøystes vedteke, at prostinemnda skal arbeida vidare med saka, og dersom det syner seg at ein kan klara det økonomisk, skal ho syta for å få tilsett ein prostihjelpereist. Det gjeld altso no um kva sokneråda og kyrkje-lydane vil gjera for å fa inn dei pengane som trengst. Lona skal vera minst 100 kr. månaden med frie reiser og fritt opphald.

Tilslutt heldt sokneprest Kvåle foredrag um gudstenesta.

Det var eit interessant og hyggjeleg møte. Vønlæg vil slike stemmer for sokneråda verta ein fast institusjon i prostiet i framtida.

Gudstenester:

Sund, sexagesima, 20. febr.: Davik.
Fastelags sund., 27. febr.: Rugsund
1. sund. i fasta, 6. mars: Aalfot.
2. sund. i fasta, 13. mars: Davik.
3. sund. i fasta, 20. mars: Totland.

Kyrkjebladet har det gatt svært bra med i det året som gjekk. Der er eit stort overskot. Det vil verta nytta til å gjeva ut eit par dubbelnummer i det året som kjem. Eg takkar alle som ogso i siste året har gjeve sine gaver so bladet kan halda fram.

Der var i siste argang 7 innsende stykke fra folk i prestegjeldet. Det burde ha vore mange

fleire. Eg tek uppatt som so ofte fyrr: Skriv i bladet! Har du noko på hjarta so kom med det her! Hugs på at på den måten får du i tale so å seia kvart einaste menneskje i heile heradet. — Og likeins: Send meldingar til bladet um basarar o.s.b.

Rekneskap for Kyrkjebladet 1937.

Inntekt:	
Overf. fra rekneskapet 1936	Kr. 705.25
Bladpengar mottokne 1937	» 633.30
Renter i banken 1937	» 21.06
	—————
	Kr. 1359.61
Utlegg:	
Prenting og eksped.	Kr. 492.00
Portoutlegg	» 62.61
	—————
	» 554.61
Overført til rekneskap for 1938	Kr. 805.00

Reformasjonsjubileet.

(Framhald).

Det andre i reformasjonen var: Guds nåde åleine. Vår frelse har eine og åleine sin grunn i Guds nåde. Når vi kan leva i von um frelse, i visse um frelse, so er det berre Guds nåde å takka. I millom-alderen var det ofte so at menneskja vilde fortene seg frelse med sine eigne gjerningar. Når dei bad, gav sælebotsgåver, drog på pilegrimsferd, fasta, betalte for messer o.s.v., so var det i orden. Når dei gjorde dette, so var Gud liksom pliktig å ta imot dei. Menneskjet står på like fot med Gud: Når menneskjet gjer sitt, so må Gud gjera sitt. Sjølv sagt trøysta levande kristne seg ogso då til Guds nåde, til Kristus, men ofte kom han burt bakum dei menneskjelege prestasjonar. Då var det at reformasjonen ropa ut ein bodskap um nåden åleine. Det er berre den vi har å byggja på. Den er heilt uførtent og uforskyldt, ei gåve av Guds kjærleik. Og denne Guds gåve, denne Guds nåde, det er Kristus. At han kom ned til oss, at han døydde for oss, at han sona for våre synder, at han stod upp til vår retferdig-gjering, at han er med oss ved sin Heilage Ande i ord og sakrament, at han kallar og lører — det er Guds nådegjering, og det er det einaste vi har å trøysta oss til, når det gjeld vår evige frelse. Visst skal vi be og gjeva sælebotsgåver, og vi kan gjerne fasta og fara på pilegrimsferd um vi har velsigning av det, men det er ikkje ved

noko slikt at vi kan fortæna oss frelse. Frelsa er aldri ein rett, men ei gåve av Guds nåde. Denne Guds nåde i Jesus Kristus, den er det eit menneskje må byggja på i liv og død, den og ingenting anna.

...Og med dette heng nøgje saman det tredje store slagord i reformasjonen: **Tru a åleine**. Av nåde er de frelste, ved tru; den rettferdige, ved tru skal han leva; tru på Herren Jesus so skal du verta frelst. — Menneskjet vert frelst ved å tru på Jesus, ikkje ved sine eigne gode gjerningar. Frelsa er ei Guds gåve, å tru er å ta imot denne gåva. Det er å ta Gud på ordet, å lita på at det han seier, er sant. Det er å lita på det som Jesus har gjort, det som Gud har sagt. Det er å sjå hurt frå seg sjølv og å sjå på Jesus. Det er å sjå sin eigen fatigdom og si eiga hjelpeløyse, og å kasta si sak på Gud og hans nåde. Ved denne levande tru vert vi eitt ved Jesus, og Gud tek imot oss for Jesu skuld. Vi er i Kristus, og difor vert vi frelste. Visst skal og må den kristne gjera det gode etter Guds vilje. Dersom der er verkeleg, levande tru, so må den visa seg i lydnad. Tru utan gjerningar er død. Der finst inga kristentru utan striden for å tena Gud. Men det er ikkje dette »gode«, den kristne kan byggja på, — dette stakars, fatige gode han gjer, ufullkome, smitta av synd. Og heller ikkje på sine eigne kjensler og følelser og opplevingar, dei som går so upp og ned og er avhengige av ytre og indre reint menneskjelege ting, ja av det altfor menneskjelege. Berre trua frelser, å ta imot Guds gåve. Tru på Guds nåde, Guds ord, Guds forjettelser, Guds gjerningar, — det er vegen til frelsa.

Desse tre er grunnstolpane i evangelisk kristendom: Skrifta, nåden, trua. Vi kan samla dei alle tre i eitt ord: Guds ære. Det er det som reformasjonen vil hevda, sterkt og avgjort: Guds ære. Gud er den store og menneskja er dei små. Frelsa kjem frå Gud åleine. Menneskjet har berre ein ting å gjera: å bøygja seg og ta imot i takk og tru.

Herre Gud, ditt dyre navn og ære
over verden høit i akt skal vere.
Og alle sjele, de trette træle,
alt som har mæle,
de skal fortelle din ære.

Her er den djupaste grunntanken i reformasjonen, den som samlar alt det andre.

R. S.

Sogneprest Magelssen.

(Forts.)

En annen av Reksnes-karlene, Martines Reksnes, var skolemester i bygden; men far anså ham nok ikke egentlig for å være nogen dyktig skolemester. Klokkerposten ved en av kirkene var blitt ledig. Den anså Reksnes sig som selvskreven til å få, men far var av en annen mening. I den anledning var der en dag blitt et skarpt ordskifte mellem far og skoleholderen. Nu var det med far at han ofte kunde få avsluttet et skarpt ordskifte ved å si et morsomt eller vittig ord der bragte selv hans motstandere til å smile og tie. Slik var det også ved hin leilighet. Far sa tilslutt med henblikk på lærerens store ørnenese: »Nei, så lenge mitt neseskaff er i Daviken, skal aldri du bli klokker.« Den vits kunde læreren gontere og de skiltes i god forståelse.

En tredje av Reksnes-karlene, Per Reksnes. (»Thorgil-Per«), var en tid gårdsdrenge på prestegården; men han var ikke alltid så villig til å rette sig efter fars ordre, så det hendte nok av og til at det bar lidt ihop med dem. Det var en lørdags eftermiddag i slåtten. Far var invitert bort til sine gode venner på Frimannslund. Da han gikk, sa han til gårdsdrenge: »Nu må dere ikke slutte ikveld før dere er ferdige med den hesjen som dere holder på med.« Da far om kvelden kom hjem, så han til sin ergrelse at hesjen ikke var full; der lå igjen en liten haug med gress, som ikke var ophengt. Han gikk i ergrelse op i borgestuen hvor slattefolkene var, for å jage dem ut igjen. Ja, kvinnene var snare til å komme sig ut. Men drengen fant ikke far straks. Han lå ikke i sin vanlige seng, men hadde lagt sig i en mere skjult krok av værelset. Da far fant ham og vilde ha ham ut for å fullføre hesjen, tok han det nokså langsomt med sin påkledning. —

(Forts.).